



Asgeir Skurtveit
Skurtveit
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1891 - 17/15459

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

03.08.2017

<Varsel om kontroll etter søknad om produksjonstilskot i jordbruket mai 2017

Meland kommune viser til dykkar søknad om produksjonstilskot i jordbruket etter søknadsomgang i mai 2017.

I følge § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er såleis å sikre at opplysingane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot.

Rundskriv 2017-11, punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år. Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, og de vert med dette varsla om at føretaket Helge Henanger er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang.

Kontrollen skal gjennomførast ved bruk av stadleg kontroll og/eller dokumentkontroll. Ved stadleg kontroll vitjar kommunen føretaket til nærare avtalt tid. Dokumentkontrollen vert gjennomført ved bruk av skriftlege kjelder frå søkjar, «Landbruksforvaltningens informasjonsbase» og andre, mogelege basar. Kommunen kan kontrollere ein eller fleire ordningar som det er søkt om tilskot frå, og kontrollen kan gjelde begge søknadsomgangane i 2017. Dette året har kommunen fokus på dokumentkontroll av gjødselplan og plantevernjournal sidan det er eit krav i forskrift om produksjonstilskot.

I samband med søknadsomgangen i mai, ønskjer kommunen at føretaket sender inn:

- Gjødselplan for alt areal som føretaket disponerer, både eige areal og leigd areal, med kartvedlegg.
- Plantevernjournal, dersom føretaket nyttar sprøytemiddel.

Vi ber om at dokumentasjon vert sendt til kommunen innan 4. september 2017, eller du kjem oppom kontoret og viser fram dokumenta. Ta kontakt om tidspunktet høver dårleg.

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.